
Fra: Anne Lise Molvik
Sendt: 16. september 2015 12:15
Til: Anne Lise Molvik
Emne: VS: Avløp frå gnr 181 bnr 11, Lindås kommune.

Fra: John Bauge
Sendt: 15. september 2015 13:19
Til: Anne Lise Molvik
Kopi: Atle Dingen
Emne: Avløp frå gnr 181 bnr 11, Lindås kommune.

Som ein del av skjønsoppgjeret for søre del av Storavatn, som vart vald som drikkevasskjelde for Lindås kommune, i 1977-inngjekk det at kommunen tok kostnaden med oppgradering av alle eksisterande utslepp-avløp-til dåtidas krav. Alle hus og hytter i nedslagsfeltet vart registrert for kva utslepp dei hadde, og av di ein ikkje fekk gjera endringar på slik det var, vart alle eksisterande utslepp-avløp oppgradert. Dette vart eit eige prosjekt, og der Ivar Thorsheim, som då var tilsett ved byggjesaksavd i Lindås k,-leia-styrde arbeidet. Alt materiell vart innkjøpt av kommunen, og arbeidet vart utført av folk «på tiltak» som det heitte då i 1982-83. For bruk nr 11, som var i bruk som hytte då, var det registrert kjøkkenavløp med avløp til jordbruksgrøft. Etter regelverket vart det etablert 5 m «kunstig anlagt» sandfiltergrøft, 2 m³-to-kamra slamavskiljar, og prøvetakingskum-før avløp til jordbruksgrøft. Dersom det seinare har vore montert vassklosett og bad,og l. er ikkje i tråd med klausuleringsvedtektene som gjeld for nedslagsfelt, og særleg innafør 100 mtrs-grensa for drikkevattnet. Dette til dykkar orientering.

Mvh John Bauge, dåverande byggjeleiar for nytt vassverk i Lk, i tida 1979-1983.